



Notat

Dato: 07.01.2015
Arkivsak: 2014/24094-3
Saksbehandlar: oleskau

Til: Sigrid Næsheim Bjercke

Frå: Ole Vegard Skauge

Kommunedelplan for kollektivsystemet mellom Bergen sentrum og Bergen vest. Bergen kommune. Varsel om oppstart og forslag til planprogram. Kulturminnefagleg notat.

Vi har ikkje merknader til hovudtrekka i prosessen det er lagt opp til, og gjev merknader til einskilde tema nedanfor. Det er bra at kulturminne skal vurderast i planarbeidet, vi rår til at det vert utført så tidlig i prosessen som mogeleg. Kartlegging av kulturminne og vurdering av konsekvens for kulturminne bør være del av grunnlaget for val av korridor, jf. pkt. 4.1.

Vurdering av korridoralternativ og planområde bør bygge på kartlegging av kjende kulturminne og vurdering av potensiale for funn av ukjende kulturminne i land og sjø. Det gjeld både einskilde kulturminne, kulturlandskap og kulturminneinteressene knytt til den overordna bystrukturen.

Utgreiinga av kulturminneverdiar fram mot framlegging av planområde, med val av hovudkorridor og transportmiddel, bør reflektere korleis dei overordna bystrukturene vert påverka av planarbeidet. I særleg grad gjeld dette Bergen sentrum, der det er tett med kulturminne som er freda, eller som er av regional og nasjonal kulturminneinteresse. Det bør gjevast særleg merksemd til den overordna bystrukturen, som er eit viktig kulturminne i seg sjølv, knyt byen til landskapet, gjev byen attraktivitet, og er ei god ramme for mange kulturminne av regional og nasjonal verdi. Stamlinjene går i dag inn i og kryssar hovudaksar og sentrale rom i byen. Det kan her være potensiale for konflikt med nasjonale kulturminneinteresser, og ein bør greie ut konsekvensane og det mogelege handlingsrommet for planarbeidet i høve til bystrukturen. Dette bør i naudsint utstrekning vurderast alt i korridoranalysane, og bør være ein del av konsekvensutgreiinga kap. 4.2.2, 4.2.3.1 og 4.2.3.3.

Metoden i *Statens Vegvesen Handbok 140 Konsekvensanalyser* fangar ikkje opp overordna bystrukturar og samanhengar på ein adekvat måte. Ein kan til dette nytte metoden *Kulturhistorisk stedsanalyse – DIVE* – i tilstrekkeleg utstrekning for dei strekningane det gjeld. Bergen sentrum er eit slikt område, jf. ovafor. I spørsmålet om alternativ kryssing av Puddefjorden kan ein sjå på om framtidige tiltak kan være av slikt omfang at metoden bør være ein del av beslutningsgrunnlaget. Metoden er også relevant for *pkt. 5 – Landskap og bymiljø*.

I 4.2.6.1, pkt. 2 *Kulturminne*, legg ein opp til kontakt med kulturminneetatane. Det vil tene prosessen, men ein bør skilje mellom kommunal etat Byantikvaren og kulturminnemynda.

Skildringa av samhandling med kulturminnemyndet bør reflektere kva dei ulike kulturminnemynda, Hordaland fylkeskommune, Riksantikvaren og Bergen Sjøfartsmuseum, handterer.

For same punkt, *Kartlegging av kjende einskilde kulturminne*, er fleire register gode kjelder. I tillegg til freda bygg og listeførte kyrkjer er kjende automatisk freda kulturminne lagt i den nasjonale kulturminnebasen, Askeladden (<http://askeladden.ra.no>). Andre viktige kjelder om kulturminne i Bergen er SEFRAK-registret som viser bygningar eldre enn 1900-talet. Byantikvaren sine kulturminnegrunnlag er også gode kjelder. For både pkt. 2 – *Kulturminner* og pkt. 5 – *Landskap og bymiljø* er Riksantikvaren sitt NB! – register eit godt kjeldemateriale.

For utgreiing av *kulturmiljø*, jf. utgreiingstema kap. 2, viser vi til avsnitta ovafor, om Bergen sentrum og om bruk av supplerande metode. Det kan tene planarbeidet om temaet sjåast i samanheng med kap. 5 – *Landskap og bymiljø*.